



HJELMELAND  
KOMMUNE

# SNART SKULESTART!

Eit orienteringshefte til foreldre/føresette.



## Velkomen til «Hjelmelandsskulen»!

Me gler oss til å ønskja ditt barn velkomen til «Hjelmelandsskulen». «Hjelmelandsskulen» er eit omgrep me nyttar når me snakkar om alle skulane i kommunen: Fister skule, Hjelmeland skule og Årdal skule.

Med dette heftet ønskjer me å gje informasjon om opplæringstilbodet i grunnskulen i Hjelmeland kommune, og kva som vil skje framover mot skulestart.

Vårt motto i «Hjelmelandsskulen» er at skulen skal vera:  
**«Ein god stad å vera, ein god stad å læra – med eleven i sentrum».**

I løpet av skuletida skal elevane nå mange læringsmål, og både leiinga ved skulen, lærarane og andre tilsette har ansvar for å leggja til rette for denne læringa. Læring er ein prosess som vil krevja både vilje, innsats, mot og arbeid. Gjennom høg fagleg kompetanse og tydeleg vaksenrolle skal lærarane leggja til rette for læring av fag, ferdigheiter og haldningar. Elevane si meistring og læring gjennom aktiv deltaking skal utvikla eit positivt læringsmiljø prega av trivsel, inkludering, ansvar og respekt. Heile læringsoppgdraget skal skje i nært samarbeid med dei føresette. Det er viktig at foreldre deltek både i arbeidet rundt sitt barn, og når det gjeld heile gruppa/trinnet og skulen.

På heimesida til Hjelmeland kommune ([www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no)) vil du finna ytterlegare informasjon om skulane i kommunen. Du vil og finne informasjon på skulane sine heimesider.

### Velkomen som føresett i «Hjelmelandsskulen»!

Med venleg helsing

Hjelmeland kommune  
Oppvekst



## Skulestart

### Overgang barnehage-skule

Hjelmeland kommune har utarbeida retningslinjer for å sikra ein god overgang frå barnehage til skule. Barnehagane og skulane har eit felles ansvar for at barn på best mogleg måte møter skulen med eit godt sjølvbilete og tillit til eigne evne.

Målet er at barn og føresette skal få informasjon om og kjennskap til skule og SFO før oppstart. Vidare er det viktig at barnehagane overfører naudsynt informasjon til skulane, til beste for barnet og i nært samarbeid med føresette.

I februar/mars månad vert foreldre og elev invitert til innskriving på den aktuelle skulen, og i mai/juni vil det verte arrangert førskuledagar. Informasjon om dette får de frå den aktuelle skulen. Det vil og verte overgangssamtalar mellom barnehage og skule.

## Kort om...

### Nærskulen

I Opplæringslova § 8.1 står det: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.» Vanlegvis er nærskulen den skulen som ligg nærmast der barnet bur i kommunen.

I Hjelmeland kommune har me tre skulekringsgrenser: Årdal, Hjelmeland og Fister.

Ønskjer foreldre at deira barn skal få tilbod på ein annan skule enn nærskulen, må dei søkja oppvekstkontoret om dette. Dersom eleven får skuleplass på ein annan skule enn nærskulen, må føresette sjølv dekkja eventuelle utgifter til skuleskyss. Det kan ikkje verte garantert at yngre søsken får plass ved same skule.

Hjelmeland kommune har ingen private skular.

### Innføringsklasse

Nyankomne elevar, som ikkje har norsk som morsmål, vil i 1.-4. trinn kunne få særskilt norskopplæring på skulen dei går på. Elevar frå 5. trinn og oppover vil få særskilt norskopplæring tre dagar i veka på Hjelmeland skule. Dei to andre dagane vil dei delta i den ordinære undervisninga på nærskulen. Tilbodet i innføringsklassa kan vare inntil 2 år.

### Særskild språkopplæring

Alle elevar i den offentlege norske grunnskule får si opplæring på norsk. Samiske elevar kan i tillegg få opplæring i samisk. Elevar lærer i tillegg engelsk frå 1. trinn, og på ungdomsskulen får dei tilbod om å læra enda eit framandspråk, til dømes tysk, fransk eller spansk. Elevar som ikkje kan godt nok norsk til at dei klarer å følgja med i den vanlege opplæringa, kan få ekstra norskopplæring. Dersom det vert vurdert å styrka innlæringa av norsk, kan eleven også få litt av undervisninga på eige morsmål. Morsmålsopplæringa vert lagt etter skuletid, medan den særskilde norskopplæringa skjer innafor vanleg undervisningstid (som skissert over).

## Heimesider

Alle skulane i Hjelmeland kommune har eiga heimeside. Hovudhensikta er å få god informasjonsflyt mellom heim og skule. På heimesida finn du m.a. generell informasjon om skulen og opplysningar om kva oppgåver skulen og FAU arbeidar med.

Du vil og finne dei ulike klassetrinna sine sider, der planar, bilete og informasjon vert lagt ut.

Fister skule: [www.minskole.no/fister](http://www.minskole.no/fister)

Hjelmeland skule: [www.minskole.no/hjelmeland](http://www.minskole.no/hjelmeland)

Årdal skule: [www.minskole.no/ardal](http://www.minskole.no/ardal)

## Samarbeid

Eit godt samarbeid mellom heim og skule byggjer på god dialog mellom lærarar og føresette om eleven si læring og utvikling. Det er viktig at heim og skule avklarar kva forventningar dei har til kvarandre slik at den einskilde elev får eit best mogleg opplæringstilbod.

### Evaluering og utviklingssamtalar

Minst to gonger i året skal det gjennomførast ein planlagd og strukturert samtale mellom eleven, føresette og kontaktlærar.

Utviklingssamtalen skal dreia seg om den faglege og sosiale utviklinga til eleven. Den skal avsluttast med ei oppsummering av korleis heim og skule saman skal støtta opp om eleven sitt vidare læringsarbeid. For at ein utviklingssamtale skal fremja læring og meistring, er det svært viktig at føresette og lærarar saman støttar opp om eleven sitt læringsmiljø.

### Foreldremøte

På foreldremøte gir lærarane informasjon av meir generell karakter som gjeld heile elevgruppa. Det kan vera saker/tema knytt til klasse miljø, fagplanar, spesielle satsingsområde, haldningar gjeldande rus, vald, kriminalitet m.m. Skulane plar ha det fyrste foreldremøtet om hausten i september.

### Innskrivingsdag for skulestartarane

Skulane i Hjelmeland har eit møte med foreldra på innskrivingsdagen, medan barna er i lag med fadrane sine. Målet med møtet er å gje informasjon om skulen sitt opplæringstilbod, og om føresette si rolle i opplæringa til barnet. På møtet er det mogleg å avklara gjensidige forventningar, og me ønskjer at møtet skal bidra til god kvalitet på samarbeidet heim-skule.

### Foreldrekontaktar

Det skal veljast foreldrekontaktar frå kvar elevgruppe. Desse skal m.a. ha som oppgåve å samarbeida med lærarane til elevgruppa og vera kontaktledd mellom føresette og foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU).

Aktuelle oppgåver for foreldrekontaktane kan vera:

- Delta på FAU-møter.
- Saman med kontaktlærar arbeida for eit godt læringsmiljø blant elevane.
- Vera dei føresette sin talsperson ovanfor lærarar og rektor
- Vera tillitsvald for dei føresette, evt. planleggja og gjennomføra foreldremøte i samarbeid med kontaktlærar.
- Drøfta saker som gjeld skulen sitt ute- og innemiljø.
- Danna eventuelle nettverk for elevar og føresette.
- Tilretteleggja sosiale arrangement utanom skuletida.

### Råd og utval på skulen

Referat frå møta i dei ulike utvala vert lagt ut på heimesida til skulen.

### Foreldreråd/FAU

Alle føresette som har barn på skulen, er medlemmer av foreldrerådet. Foreldrerådet skal ivareta fellesinteresser til dei føresette og bidra til at dei føresette medverkar aktivt for å skapa eit godt skulemiljø. Den einskilde skule sitt foreldreråd har eit arbeidsutval (FAU) som er samansett av foreldrekontaktar. Dette arbeidsutvalet representerer alle føresette ved skulen og handsamar saker på vegne av foreldrerådet.

## **Samarbeidsutval (SU)**

Alle grunnskular skal ha eit samarbeidsutval, i følgje opplæringslova §11.1.

Samarbeidsutvalet er det øvste samarbeidsorganet i skulen. Det skal sikre brukarmedverknad i styringa av skulen, og utvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Utvalet skal bestå av to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet (frå FAU), to for elevane og to for kommunen (kor den eine er rektoren).

## **Skulemiljøutval**

Kvar grunnskule skal ha eit skulemiljøutval som er samansett av representantar frå elevane, FAU, dei tilsette, skuleleiing og skuleeigar. Skulemiljøutvalet skal medverka til at skulen, dei tilsette, elevane og dei føresette tar aktivt del i arbeidet for å skapa eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skulemiljøet.

## **Om skulen**

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for skulen si verksemd.

Alle skulane har samarbeid med helsevesenet, sosialkontoret, barnevern og andre instansar.

Elevane si opplæring vert organisert i grupper eller klassar. Denne organiseringa kan variera frå skule til skule. Kvar elev har ein kontaktlærer med ansvar for eleven si faglege og sosiale oppfølging og kontakt med heimen. Gruppene/klassane kan verte endra ut frå pedagogiske eller økonomiske vurderingar.

## **Retts og plikt til grunnskuleopplæring**

Alle barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring frå det kalenderåret dei fyller seks år til dei har fullført det tiande skuleåret. Dei har rett til å få slik opplæring gjennom den offentlege grunnskulen, men plikta kan også ivaretakast gjennom opplæring ved ein offentleg godkjent privat-skule, eller føresette kan ivareta opplæringa sjølv. Føresette kan straffast med bøter dersom barn vert haldne borte frå den pliktige opplæringa. Barnelova legg sterk vekt på føresette sitt ansvar når det gjeld å sørgja for at barna får opplæring.

## **Skuleåret – feriar og fridagar**

I løpet av skuleåret skal elevane ha 190 skuledagar. Oversikta over feriar og fridagar vert kalla «skuleruta». Skuleruta finn du på Hjelmeland kommune si heimeside.

## **Start og slutt på skuledagen**

Skulane i Hjelmeland kommune har ulik oppstart og slutt av skuledagen grunna skuleskyssen. Føresette vil seinast ved skulestart få utdelt oversikt over skuledagane sin lengde og inndeling. Elevar som har behov for tilsyn før og etter undervisningstid, kan nytta seg av skulefritidsordninga (SFO).

## **Skulefritidsordninga (SFO)**

Dei kommunale skulefritidsordningane i Hjelmeland kommune gir eit omsorgs- og aktivitetstilbod til elevar på 1.-4. trinn, og eit utvida tilbod (5.-7. trinn) til barn og unge med særskilte behov. Søknadsskjema, og informasjon om m.a. påmeldingsfristar, opningstider og prisar, finn du på kommunen si heimeside.

## **Gratis leksehjelp**

Alle skular har eit tilbod om gratis leksehjelp. Skulane organiserer tilbodet ulikt og vil tilby leksehjelp til dei trinn eller dei elevgrupper som dei meiner vil ha best nytte av tilbodet. Dersom du ønskjer leksehjelp for ditt barn, kan du melda frå om dette til skulen.

## **Elevpermisjon**

Undervisningstida er elevane si arbeidstid, og den skal verte respektert. Likevel kan det henda at føresette ønsker eller har behov for å søkja om permisjon for sitt barn. Lova gir høve til å innvilga elevpermisjon. Rektor kan etter vurdering innvilga permisjon med varigheit inntil 2 veker (10 skuledagar). Ved søknad om permisjon skal ein nytta eige skjema som ein finn på heimesida til skulen. Søknaden sendast til skulen i god tid før permisjonen skal starta.

## **Fråvær**

Når eit barn ikkje kan kome på skulen (fråvær) skal dei føresette gje skulen munnleg beskjed eller beskjed via SMS så snart som råd. Skulen ønskjer å få beskjed før skulestart den fyrste dagen eleven er vekke. Skulen skal så snart som mogleg gje beskjed til heimen om eleven ikkje møter på skulen, og dei ikkje har motteke melding frå foreldre.

Er det sannsynleg at barnet får eit sjukefråvær på meir enn to veker, kan det vurderast om opplæring i heimen er aktuelt. Ved eventuelt sjukehusopphald vil barnet få eit tilpassa opplæringstilbod av lærar som arbeidar ved sjukehuset.

## **Målform**

Hovudmålet i Hjelmeland kommune er nynorsk. Foreldra har imidlertid moglegheit for å velja skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, sjå Opplæringslova §2-5 eller ta kontakt med oppvekstkontoret.

## **Samisk**

Dersom minst ein av dei føresette til ein elev står i samemanntalet, har eleven rett til opplæring i samisk. Ta kontakt med rektor på skulen dersom du ønskjer slik undervisning.

## **Kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE)**

Kristendom, religion, livssyn og etikk er eit ordinært skulefag som normalt skal samla alle elevane. Undervisninga i faget skal ikkje vera forkynnande. Undervisninga i KRLE skal gje kjennskap til kristendommen, andre verdsreligionar og livssyn, kjennskap til kristendommen si tyding som kulturarv og til etiske og filosofiske emne. Undervisninga i faget skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneska med ulik oppfatning av trus- og livssynsspørsmål. Undervisninga skal presentera ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte.

## **Fritak frå aktivitetar i opplæringa**

Skulen skal visa respekt for elevane og føresette sitt livssyn og sikra retten til likeverdig opplæring. Dersom føresette opplever aktivitetar i skulen som utøving av ein annan religion eller livssyn, kan dei gje skriftleg melding om at dei ønskjer at eleven skal takast fri frå desse. Meir informasjon finn du på Hjelmeland kommune si heimeside.

## **Skuleskyss**

Hjelmeland kommune har vedteke eigne retningslinjer for skuleskyss (*Kommunestyrevedtak pr. 16.12.15*). Skyssgrenser for grunnskuleelevar i Hjelmeland kommune er følgjande:

- Elevar frå 1.-3. årstrinn har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 2 km.
- Elevar frå 4.-10. årstrinn har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 4 km.

Elevar som er varig eller midlertidig funksjonshemma, og som etter legeerklæring har behov for transport til skulen, har også krav på fri skuleskyss. Føresette som vel anna skule enn nærskulen for sitt barn, har ikkje rett til fri skyss. Elevar som går i innføringsklassa får gratis skuleskyss når dei har lang skuleveg. Eit barn med delt bustad kan ha rett til skyss frå den eine eller begge føresette sin bustad. Ta kontakt med skulen for meir informasjon.



## **Forsikringar**

Alle barn i offentlig skule er ulykkesforsikra etter gjeldande lov og forskrift til Opplæringslova kap. 8. Eigendelane til barna er ikkje forsikra av kommunen. Førsette må sjølv sikra desse gjennom eigne forsikringar. Førsette kan gjerast ansvarlege for skader deira barn eventuelt påfører andre sin eigedom i skuletida, dersom det dreier seg om ein medviten handling som barnet er modent nok til å forstå konsekvensen av.

## **Teieplikt**

Alle som arbeidar i skulen har teieplikt. Det vil seia at dei har plikt til å hindra at andre får tilgang til eller kjennskap til det dei gjennom sitt arbeid får vita om elevar eller førsette sine personlege tilhøve. Teieplikta gjeld og for foreldrerepresentantane i skulen sine rådsorgan, foreldrekontaktar og førsette som på ein eller annan måte er i skulen si verksemd (på leirskule, ekskursjonar o.l.). Teieplikta gjeld og etter at ein har slutta i tenesta eller vervet. Det er enkelte avgrensingar i teieplikta, det gjeld meldingar til barnevernet om omsorgssvikt, mishandling av og overgrep mot barn og unge. Spesielle opplysningar om elevane vert arkivert nedlåst på skulen eller elektronisk i Websak (arkivsystem). Eleven sjølv og førsette har innsynsrett.

## **Tidleg hjelp ... er god hjelp**

Skulen har som målsetting å tilpassa opplæringa ut frå den einkilde elev sine evner og førsetnader. Dei førsette bør gje melding til skulen dersom barnet har spesielle vanskar, eller dersom dei trur barnet kan trengja ekstra hjelp etter tilrettelegging. Førsette kan og ta direkte kontakt med pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Det er viktig å setja inn hjelpetiltak så tidleg som mogleg. Læraren har plikt til melda frå om elevar som ein trur har behov for særskild hjelp. Rektor organiserer hjelpetiltak innafor dei ressursane skulen har til disposisjon. Det er mange ulike årsaker til at eit barn kan trengja hjelp. Barnet kan t.d. ha vanskar i sin kontakt med jamnaldrande, språkvanskar, konsentrasjonsvanskar eller læreavanskar. Førsette kan og trengja råd om det er rett for barnet å byrja seinare på skulen enn vanleg, dvs. utsett skulestart eitt år.

Nokre barn har ulike typer allergi og er avhengige av spesiell diett osv. I slike tilfelle er det fint om dei førsette informerer skulen så tidleg som mogleg, slik at dette kan verta teke omsyn til allereie frå skulestart.

Elevar som har eit anna morsmål enn norsk, og som ikkje kan tilstrekkeleg norsk til å følgja den vanlege opplæringa, har rett til særskild norskopplæring. Om naudsynt kan eleven og få tospråkleg fagopplæring og morsmåloplæring. Skulen har ansvar for å kartleggja elevane sine språkferdigheter og fatta vedtak om særskild språkopplæring dersom det er behov for det. Førsette har rett til å klaga på vedtaket.

## **Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)**

Skular og barnehagar kan i samråd med førsette ta kontakt med PPT dersom dei ønskjer råd og rettleiing. PPT utredar elevar og gir sakkunnig vurdering til skule og førsette om tilrettelagt opplæringstilbod for dei barna som vert tilviste. Utfyllande informasjon om PPT finn du på kommunen sine heimesider eller ved å ta kontakt med skulen.

## Helse ... i skulen

### Tannhelsetenesta

Barn og unge opp til 18 år har tilbod om gratis tannhelseteneste. Tannlegen har kontor på Hjelmeland i helsehuset. Elevane vert innkalla omlag ein gong pr. år.

Elevar som treng hjelp straks, kan ta kontakt direkte med tannlegekontoret.

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta har som oppgåve å driva helsefremjande og førebyggjande arbeid i skulen. Helsesøster er å treffa på skulane etter oppsett fast program. (Sjå heimesida til den einskilde skule). Elevar og føresette kan ta kontakt for å snakka om utfordringar kring barnet si helsemessige utvikling, læring og trivsel på skulen. I tillegg tilbyr skulehelsetenesta eit fast program som mellom anna omfattar vaksinasjonar.

Saman med skulen sitt personale har skulehelsetenesta ansvar for å følgja opp elevar med spesielle behov og leggja til rette for elevar med funksjonshemmingar på best mogleg måte. Dei som arbeidar i skulehelsetenesta har teieplikt.

Skulehelsetenesta pliktar å føra journal med helseopplysningar for kvar einskild elev.

Denne journalen følgjer eleven til han/ho har avslutta grunnskulen. Ved flytting er hovudregelen at journalen vert overført til skulehelsetenesta ved den nye skulen. Dette for å sikra fagleg forsvarleg oppfølging. Føresette har som hovudregel innsyn i journalen til eleven.

## Ord og uttrykk

### Opplæringslova

Lova omhandlar rettigheter og plikter i høve opplæring og skulegang i Noreg.

Opplæringslova er tilgjengeleg på nettsida: [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

### Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er eit overordna prinsipp i grunnskulen. Det tyder at alle elevar har rett til å få ei opplæring som stemmer i høve eleven sine evner og føresetnadar.

### Spesialundervisning

Elevar har ulike behov og føresetnadar. For å gje eit likeverdig tilbod, må skulen gje variert og differensiert opplæring. Retten til tilpassa opplæring kan ein ta i vare innafor ordinær opplæring, eller i form av spesialundervisning. Spesialundervisning er ein rettighet for elevar som i hovudsak må ha andre mål enn måla gitt i læreplanane for fag.

### Gratisprinsippet

Den offentlege grunnskuleopplæringa skal vera gratis for elevane. Det tyder at kommunen ikkje kan krevja betaling for undervisningsmateriale eller aktivitetar som skjer i skuletida i skulen sin regi. Lova regulerer ikkje aktivitetar som vert arrangert av den einskilde skule og som ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. Dvs. aktivitetar som fell utanfor virkeområdet for opplæringslova og forskrifta til lova.



## Nyttig på nett

Hjelmeland kommune si heimeside:

[www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no)

Utdanningsdirektoratet si heimeside:

[www.udir.no](http://www.udir.no)

Verktøy for vurdering av kvalitet i opplæringa:

[www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no)

Portal for elevar, føresette og lærarar:

[www.skolenettet.no](http://www.skolenettet.no)

Foreldreutvalet for grunnskulen (FUG):

[www.fug.no](http://www.fug.no)

Ressursside for føresette:

[www.foreldrenettet.no](http://www.foreldrenettet.no)